




Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 317/3 - Bjørnestad - etablering av basestasjon mast og utstyrshytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.10.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av basestasjon for mobil telekommunikasjon bestående av ei telemast med ei høgd på 24 meter samt ei utstyrshytte på 8 m², på gbnr. 317/3 Bjørnestad (stadnamn, Nordnipa).



Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen for tidlegare Meland kommune.

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.



Søkjær meiner at tiltaket har ein samfunnsnyttig funksjon ved å gi mobildekning til området. Statsforvaltaren er samd i at mobildekning er samfunnsnyttig. Det må likevel gjerast ei vurdering av kor stor samfunnsnyttien er, vurdert opp mot andre aktuelle verdiar i området og verknaden av tiltaket på desse.

Tiltaket skal plasserast på ein topp, eit turmål i eit viktig friluftsområde. Tiltaket si plassering vil sannsynlegvis påverke folk si turoppleving i dette området. Det er viktig at dette vert tilstrekkeleg vurdert opp mot ev. alternative plasseringar og at det eventuelt vert sett vilkår om avbøtande tiltak. Det kan også vere fornuftig med eit vilkår om fjerning og tilbakeføring av tiltaket om det i framtida kjem ny teknologi, eller at andre tilhøve gjer at tiltaka ikkje lenger er naudsynt.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN